

Rekneskap for 2011 og budsjett for 2012

Berre ein mindre del av dei økonomiske ressursane til instituttet styrer vi sjølve med i driftsbudsjettet. Den klart største ressursen vår – òg om ein måler i kroner og øre – er dei faste stillingane ved instituttet. Men fastlønsbudsjettet er det fakultetet som styrer, og endringar her må inn i bemanningsplanen for fakultetet og vedtakast av fakultetesstyret. I tillegg har vi stipendiatstillingane, der IF til ei kvar tid har ein kvote på femten ordinære stipendiatstillingar. Også her ligg lønsbudsjettet ved fakultetet. For det tredje disponerer forskarar ved instituttet store midlar gjennom erksternfinansierte og eksternstøtta prosjekt som *Future of Russian, Modernism and Christianity*, *LIAS* og *Contact, Variation and Change*. Midlane i desse prosjekta ligg utanfor driftsbudsjettet ved instituttet, sjølv om det er visse overføringar mellom prosjekta og driftsbudsjettet.

Driftsbudsjettet ved instituttet er derimot dei pengane vi sjølve disponerer over kvart år. I prinsippet står vi temmeleg fritt i korleis vi brukar desse pengane, i praksis er størsteparten av budsjettet bunde opp til meir eller mindre faste utgifter. Driftsbudsjettet skal dekkja utstyr som møblar, rekvisita og datamaskiner, pengane skal finansiera innleige av vikarar og timelærarar, sensorhonorar, bokkjøp, driftsmidlar til stipendiatane, støtte til forskingsreiser og publikasjonar, osb. I 2009 og 2010 hadde instituttet magre driftsbudsjett på grunn av dei økonomiske innstrammingane ved fakultetet. I fjor var budsjettet vårt langt betre, og 2012-budsjettet ligg på same nivået. Instituttet blir samstundes pålagt større utgifter enn i fjor, først og fremst knytt til eksternfinansierte prosjekt.

Det er sjølve driftsbudsjettet instituttrådet skal vedta, og derfor er dette hovudsaka i framstillinga nedanfor. Dei eksternstøtta prosjekta er omtala i samband med overføringane mellom prosjekta og driftsbudsjettet. Fastlønsbudsjettet er omtala heilt til slutt sidan rådet og lærarmøta bør drøfta prioriteringa mellom ulike stillingsbehov fram til instituttet melder inn ønske og prioriteringar til fakultet i juni.

I. Rekneskapen for 2011 og overføringar til 2012

Endeleg rekneskap for drifta ved instituttet i 2011 er enno ikkje klar. Men instituttet hadde i 2011 eit stort overskot. Av totalt 8.4 millionar i løyvingar, som var status på slutten av fjoråret (NB inkludert smådriftsmidlar), såg det i midten av desember ut til å vera att 2.2 millionar. Av dette har instituttet fått tilsegn om å få overføra følgjande midlar til 2012:

(a) Stipendiatane sine ubrukte driftsmidlar: 511.689 kr

(b) Øyremerkte midlar tildelte i 2011: 601.370 kr

(c) Overskot frå 2011, inntil fem prosent av totalramma: 419.000 kr

Til saman gjev dette ei overføring på 1.53 millionar kroner.

II. Løyvingane til driftsbudsjettet for 2012

I 2011 fekk institutta for første gong tildelt driftsbudsjett etter ein ny og resultatbasert modell. Modellen er den same i 2012, og det er berre gjort små justeringar. Det berande prinsippet i denne modellen er at tildelinga til institutta er styrt av resultata vi har oppnådd innanfor utdanning og forskning. Modellen legg større vekt på utdanningsresultat enn på forskingsresultat. Og ser ein på den samla tildelinga til alle HF-institutta er det ein enkeltfaktor – nemleg avlagte studiepoeng – som utgjer langt meir enn alle dei andre variablane til saman.

Forskringsresultatet blir målt ut frå doktorgradar, publikasjonspoeng og eksternfinansierte prosjekt frå NFR og EU. Utdanningsresultatet blir målt ut frå talet på studiepoeng og utvekslingsstudentar.

Det er ein svak vekst i den resultatbaserte løyvinga til IF ved inngangen til året, samanlikna med den tilsvarende summen i fjor: nesten 5.2 millionar i 2012 mot 4.9 millionar i 2011. Alle institutta bortsett frå LLE får ein større kronesum i 2012 enn i 2011. Som det vil gå fram nedanfor, tyder ikkje dette at instituttet har meir å rutta med enn i fjor. Vi har òg fått auka utgifter, først og fremst knytt til eksterne prosjekt, slik det går fram av drøftinga nedanfor.




Diagram 1: Grunnlaget for den resultatbaserte løyvinga til IFs driftsbudsjett i 2012. Den samla resultatbaserte løyvinga til IF i 2012 er på 5 173 400 kroner, og den tilsvarende løyvinga i 2011 var 4 889 000.

Tre av fire kroner skriv seg altså frå resultatane våre på utdanningssida . Slik var det i 2011, og slik er det i 2012. Den klart største enkeltposten er begge åra frå avlagde studiepoeng. Den andre delen av utdanningsresultatet, nemleg studentuvelinga, utgjer ein mindre del i år enn i fjor – ikkje fordi det er færre som reiser ut frå instituttet, men fordi fakultetet har justert ned uttellinga vi får pr student. Denne nedjusteringa er ikkje urimeleg, og på driftsbudsjettet til IF utgjer studentuvelinga (18 prosent) nesten like mykje som alle forskingsaktivitetane til saman (21 prosent).

Ser ein på den resultatbaserte finansieringa som skriv seg frå forskingsaktivitetar, er doktorgradane den viktigaste enkeltposten. Både i 2009, 2010 og 2011¹ var IF det instituttet som hadde flest avlagde doktorgradar ved fakultetet. Vi ligg derimot klart bak LLE og AHKR når det gjeld publiseringspoeng. Med dagens fordelingsnøklar vil uansett ikkje publiseringspoenga bety særleg mykje for det samla driftsbudsjettet til IF. Verdien av publiseringspoenga må sjåast i eit anna perspektiv enn dei kronene det gjev på driftsbudsjettet.

Undervisningskompensasjonen (7 prosent) er dei overføringane instituttet får til vikar for instituttleiar og dekanatsmedlem. Begge desse verva har no fullt frikjøp frå undervisninga.

Den resultatbaserte tildeling på 5.2 millionar utgjer hovuddelen av driftsbudsjettet til instituttet, men ikkje alt. I tillegg har vi overføringar frå 2011, tildeling av driftsmidlar til stipendiatane og forventa kompensasjon for frikjøp og permisjonar. Ikkje alt dette kan vi ha fullt oversyn over ved inngangen til året, men det meste er kjent eller kan kalkulerast. Inntektene til instituttet ser slik ut når ein inkluderer desse kjende tilleggspostane:

Tabell 1: Løyvingar til Institutt for framandspråk 2012 (oppdatert 24.1.12)	
Resultatbasert tildeling	5 173 400
Vikarmidlar frå fakultetet (permisjonar, utlyste stillingar) ²	395 200
Vikarmidlar frå prosjekt o.l. ³	350 000
Driftsmidlar stipendiatane - nytiddele i 2012	328 000
Driftsmidlar stipendiatane - overførte frå 2011	511 689
Løyving til forskarskulen i språk og filologi	165 000
Øyremerkte midlar overførte frå 2011	601 370
Overføring av inntil 5 prosent av overskot 2011	419 000
SEVU-inntekter for 2011	100 000
SEVU-inntekter for 2012	100 000
Til saman	8 143 659

IF har totalt eit driftsbudsjett på 8.1 millionar ved inngangen til 2012, og den tilsvarande summen ved starten av 2011 var 7 millionar.

¹ I 2011 hadde AHKR og IF like mange som avla doktorgrad (sju personar ved kvart av institutta).

² Vikar for Åsta Haukås V12, for japanskstilling under utlysing V12 og H12, for spanskstilling under utlysing V12, Tove Jacobsen for januar 2012 og Line Schjolden for januar 2012. Full undervisningskompensasjon i eitt semester gjev 91.200 kroner.

³ Estimert sum basert på NOMA, *Contact, Variation and Change*, Makerere-prosjektet, Meltzer og evt andre.

III. Driftsbudsjettet 2012 - utgifter

Instituttleiar legg fram følgjande budsjettframlegg for 2012: **NB – datainnsamling masterstudentar**

Tabell 2: Driftsbudsjett Institutt for framandspråk 2012 (oppdatert 24.1.12)	
Øyremerkte føremål - overførte midlar frå 2011	601 370
Retildelte påskjøningsmidlar frå 2011	150 000
Driftsmidlar til stipendiatane - overførte frå 2011	511 689
Driftsmidlar til stipendiatane - nytildelte	246 000
Forventa utgifter til eksterne prosjekt	400 000
Drift av forskarskulen i språk og filologi	165 000
Generell drift av instituttet, inkl. it-utstyr	1 500 000
Instituttleiar - øyremerkte driftsmidlar	150 000
Sensorhonorar	750 000
Støtte til forskning og publisering	1 100 000
Støtte til stipendiatar, reiser	50 000
Andre satsingar	309 600
Vikarar og timelærarar - vår og haust	2 150 000
Støtte til feltarbeid o.l. for masterstudentar	60 000
Til saman	8 143 659

Øyremerkte føremål, 601.370 kr: Dette er øyremerkte midlar overførte frå 2011, og dei må brukast til dei føremåla dei var tiltenkte i 2011: insentivmidlar likestilling 200.000, SAK italiensk 130.357, Arena Romanistica 86.591, VAT 74.944, utanlandsopphald stipendiatar 63.300, publisering *Landslide* 46.178.

Retildelte påskjøningsmidlar frå 2011, 150.000 kr: 2011 var siste året der det vart gitt påskjøningsmidlar til rettleiarane for master- og phd-kandidatar. Midlane vart gitt på grunnlag av innleverte avhandlingar året før (2010). Instituttet har gitt tilsegn om at udisponerte påskjøningsmidlar frå 2011 ville bli tildelte på ny til rettleiarane i 2012. Dette utgjer om lag 150.000 kroner. Frå og med 2012 blir det altså ikkje gitt nye påskjøningsmidlar for masterstudentar og doktorgradsstudentar som leverte inn året før (2011).

Driftsmidlar til stipendiatane overførte frå 2011, 511.689 kr: Desse midlane vert alltid overførte frå år til år.

Driftsmidlar til stipendiatane, nytildelte i 2012, 246.000 kr: Instituttet får tildelt 328.000 kroner i driftsmidlar til stipendiatane våren i 2012. Som vanleg blir dette fordelt med 25 prosent til drift ved instituttet og 75 prosent som stipendiatane sjølve disponerer (dvs 246.000 kroner).

Forventa utgifter til eksterne prosjekt, 400.000 kroner: Dette er eit førebels tal, og den endelege summen vil avvika noko. Vi får ei ny utrekning av dette frå fakultetet i løpet av nokre dagar. På dette feltet er det uansett ei negativ endring samanlikna med tidlegare. Bakgrunnen er at instituttet har

fleire større eksternfinansierte eller eksternstøtta forskingsprosjekt. I 2012 gjeld dette først og fremst *Future of Russian*, *HERA*, *Contact*, *Variation and Change*, *LIAS* og *Modernism and Christianity*. Dei fleste av desse prosjekta tilfører driftsbudsjettet ved IF overhead-inntekter. Desse inntektene dekkjer kostnader til husleige, administrasjon og infrastruktur ved UiB og administrative kostnader ved fakultetet. I 2011 gav dette reknestykket – dvs overheadinntekter minus kostnader til administrasjon og husleige mm – instituttet eit overskot på 190.000 kroner. I 2012 ser det ut til å bli ei dramatisk endring på dette. Det er varsla at UiB vil auka kostnadene for husleige og administrasjon frå 98.000 i 2011 til 175.000 pr årsverk i 2012⁴. I tillegg ser UiB sentralt ut til å gå ifrå forpliktinga si til å dekkja desse kostnadene for BFS-prosjektet *Modernism and Christianity*. Det betyr at desse utgiftene for *Modernism and Christianity* blir førte over på instituttet. Dermed blir overskotet frå prosjekta på 190.000 kroner i 2011 snudd til eit underskot på omkring 400.000 kroner for instituttet i 2012, ifølgje dei førebelse prognosane frå fakultetet. Desse tala må oppdaterast, og vi ventar på eit nytt overslag som m.a. også inkluderer det nye NFR-prosjektet *Contact*, *Variation and Change*. NFR-prosjekta kjem heldigvis klart betre ut økonomisk for instituttet enn *Modernism and Christianity*. Endringane i balansen mellom driftsbudsjettet vårt og prosjekta gjev oss mindre frie midlar til andre føremål, og det harmonerer dårleg med oppmodingane om å skaffa eksternstøtta prosjekt.

Drift av forskarskulen i språk og filologi, 165.000 kr: Same summen som i 2011.

Generell drift av instituttet, inkl. it-utstyr, 1.600.000 kr: Summen er sett med utgangspunkt i dei førebelse rekneskapsrapportane for 2011.

Instituttleiar, øyremerkte driftsmidlar, kr. 150.000 kr: Som tidlegare.

Sensurhonorar, 750.000 kr: Baserer seg på utgiftene til eksamenssensorar i 2011.

Støtte til forskning og publisering, 1.100.000 kr: Instituttet har etter avviklinga av ordninga med påskjøningsmidlar forplikta seg til å setja ein sum til forskingsstøtte som svarar til det rettleiarane tidlegare fekk i påskjøningsmidlar (sjå sak 5 frå instituttrådsmøtet 12.5.11). Ut frå dette er det sett av til saman 1.1 millionar til forskings- og publiseringsstøtte frå instituttet i 2012. Dette svarar til den summen IF budsjetterte med i 2011 (600.000) pluss rettleiarane sin del av påskjøningsmidlane i det gamle systemet (70 prosent av den øyremerkte tildelinga frå fakultetet, dvs som lag 490.000 kr årleg).

Av denne summen blir det sett av 3000 kroner i bokpengar til kvar enkelt fast vitskapleg tilsett (3000 x 50 = 150.000 kroner. Resten (950.000 kr) blir lyst ut som forskings- og publiseringsmidlar. Av dette er allereie 747.180 kroner fordelt ved søknadsfristen 1. november i fjor, og det står dermed att 200.000 kroner til søknadsfristen i mars i år. Det kan innvendast at summen som står att til fordeling i mars er liten. Samstundes må det vera fornuftig å fordela størsteparten av midlane for 2012 like før budsjettåret startar, slik at det er mogleg å bruka midlane både i vår- og haustsemesteret. Hadde vi spart alle midlane til utlysinga i mars, ville dei i praksis måtta disponerast frå slutten av vårsemesteret og ut året.

⁴ Av dette går 120.000 til administrasjon og 55.000 til husleige. Sjå òg lesarinnlegget «Dekningsbidraget som forsvant» frå instituttleiar Anders Goksøyr i På Høyden:

http://nyheter.uib.no/?modus=vis_leserbrev&id=50398

I tillegg til løyvingane frå instituttet på til saman 1.1 millionar, er det òg i år sett av over 600.000 i smådriftsmidlar til forskarane ved IF. Støtte frå Meltzerfondet, Universitetsfondet og andre ordningar kjem i tillegg til dette. Tilfanget av støtte til små og mellomstore forskingstiltak ved instituttet er derfor betre enn kanskje nokon gong tidlegare.

Støtte til stipendiatar, reiser, 50.000 kr: Instituttet har tidlegare fått overført dette frå fakultetet. Tildelingane pr år er vanlegvis små fordi det kjem få søknader, og fordi nokre søknader blir støtta av Meltzerfondet.

Andre satsingar, 309.600 kr: Her er det tidlegare i januar sendt ut e-post til fagkoordinatorane og leiargruppa ved instituttet for å få inn forslag til føremål instituttet bør prioritera. Her er ei oppsummering av dei framlegga som kom inn:

- (a) RUSSISK ønskjer å styrka undervisningstilbodet først og fremst på masternivå, men òg på bachelornivå. På 100-nivået trengst det ei viss utviding av timetalet på RUS111. På masternivået tilbyd faget dei to emna RUS301 og RUS302 i første semesteret, men kan av ressursmessige årsaker berre tilby eitt emne, RUS303, i det andre semesteret. «Ideelt sett skulle vi gjerne ha kunnet tilby to emner også i 2. semester, ett i språk og ett i litteratur eller kultur. Både fra et faglig og budsjettmessig synspunkt ville det imidlertid være en god løsning for russisk om vi kunne tilføres ressurser til å delta, også på undervisningssiden, i TRANSHF og, ikke minst, i det planlagte fellesemnet i litteratur (Komparativ litteratur for IF),» skriv fagkoordinator. Russisk ønskjer i tillegg å utvida timetalet i dei emna som allereie vert gitt på masternivået: «På BA-nivå bruker vi mye tid på språkinnlæring, noe som går på bekostning av teoretisk skoleing. Vi anser det derfor som svært viktig at masterstudentene får et undervisningstilbud som styrker de teoretiske og språklige forutsetningene deres for å skrive masteroppgave.»

FRANSK etterlyser òg meir midlar til timelærarar.

- (b) FRANSK og RUSSISK ønskjer ressursar til å invitera gjesteforelesarar.
- (c) ENGELSK gjer framlegg om at midlar «settes av til fullt frikjøp (forskningsfri) for fast vitenskapelig ansatte med signifikant overtid i arbeidsregnskapet sitt. (Her må man diskutere seg fram til hva en rimelig grense er – mer enn 250 t/500 t/1000t overtid?) Midler innvilges i henhold til søknad med projektskisse og arbeidsplan, samt rapporteringsplikt.» Dette blir sett på som eit viktig tiltak på vegen mot å redusera eller fjerna plusstid og ei prioritering av god balanse mellom undervisning og forskning. FORSKINGSLEIAR foreslår òg vikarbruk for å redusera timeoverskot i undervisningsrekneskapen.
- (d) ENGELSK bed om at det vert sett av midlar til å tilsetja masterstudentar som vitskaplege assistentar og/eller undervisningsassistentar (t.d. til kollokvieundervisning).
- (e) ADMINISTRASJONSSJEFEN bed instituttet vurdere ei fast årleg løyving til kvart av tidsskrifta Corrientes og Arena Romanistica, slik at arbeidssituasjonen for redaksjonen kan lettast, og slik at det blir lettare å planleggja utgjevingane framover.

Her må det strekast under at ønska om ei generell styrking av undervisninga, slik det kjem frå russisk og delvis engelsk over, er forståelege, men det kan neppe gjerast utan ei permanent utviding av stillingsressursen. Instituttet har ikkje lovheimel til å utvida undervisninga permanent gjennom å

leiga inn mellombels tilsette lærarar. Derfor sorterer desse spørsmåla i stor grad inn under bemanningsplanen ved fakultetet og spørsmålet om fast tilsette lektorar.

Vikarar og timelærarar vår og haust, 2.150.000: Her kan det koma relativt betydelege endringar. Vikarbudsjettet for hausten må derfor justerast ut frå den faktiske pengebruken våren 2012. Oppdatert vikarbudsjett med rammer for vikarbruk hausten 2012 blir lagt fram for instituttrådet seinare i semesteret. Omfattande sjukefråvær og permisjonar som vi ikkje kjenner til no ved starten av året, vil normalt bli kompensert av fakultetet.

Støtte til feltarbeid og liknande til masterstudentar, 60.000 kr: Denne ordninga er tidlegare forvalta av fakultetet, men blir frå og med 2012 ført over til instituttbudsjettet. Anslaget på 60.000 baserer seg på tildelingane i 2011.

IV. Stillingsprioriteringar

Faste stillingar er dekkja av stillingsbudsjettet ved fakultetet. I juni kvart år melder institutta inn budsjettønske og –prioriteringar, og på hausten drøftar fakultetsstyret eventuelle endringar i bemanningsplanen. Instituttrådet bør allereie no starta drøftinga av kva for stillingar som skal meldast inn som prioriterte til fakultetet i juni 2012. Instituttleiar ønskjer altså ei uformell drøfting allereie på rådsmøtet i januar og vil deretter senda ut saka til fagkoordinatorane og be dei drøfta stillingsprioriteringar i lærarmøte. Instituttrådet vil få saka lagt fram igjen på møtet 16. mai.